

---

**Fra:** Henry Fanebust <herfaneb@online.no>  
**Sendt:** 18. september 2016 23:46  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** DokumentID: 16/22728 - Revidert vegtrase gnr. 99/4 Våge . Att: Benjamin Hicks

Hei!

Har reint tilfeldig (atter ein gong) kome over utspel frå Alf Eikevik, her via Link Arkitektur, på kommunen si nettside i ei sak som direkte vedrører og direkte vil ha konsekvensar for meg. Dette skjer utan at eg er informert og medan eg stadig går og ventar på eit svar eg har etterlyst frå A.E. i nettopp denne saka.

Det vert hevda til kommunen at det ikkje har lukkast A.E. å kome til semje med underteikna om ny veg-trase. Dette er heilt feil! Det er semje om ny trase, jfr. synfaring i juli, det er berre Alf Eikevik sjølv som ikkje skriv under på dette, eg har såleis etterlyst klargjering frå han korleis han forstår den nye traseen.

Når A.E. gjennom arkitekten no henvender seg til kommunen og søker om å få bruke vegen gjennom min hage og tun (ein *omveg* til tunet Eikevik skal etableres på 99/4) kan eg sjølv sagt ikkje nekte han å bruke denne vegen. For meg vil det då vere av avgjerande betydning at vegen avgrensar seg strengt til dei 2 m eksisterande veirett, og at vegen går mest muleg i eitt med eksisterande kulturlandskap og i minst mulig grad forringar 99/1 sitt tun. Å anlegge djupe grøfter slik Eikevik/Link har skissert i sine profil-skisser til kommunen (vedlegg til saka) vil vere heilt uakseptabelt og uaktuelt. Her snakkar vi om veg som ligg *oppå*

berg *oppå* bakketopp, det har aldri "stått" vatn her og ev. vatn renn unna av seg sjølv.

Eikevik/Link *søker* om 2 m brei veg gjennom hagen min, men profilskissene vedlagt søknaden inneber i praksis eit inngrep på kring 6 meter breidde, og kan sjølvsagt ikkje bli ståande. Eg protesterer difor på det sterkaste.

Ein ny trase lenger sør, slik vi var samde om på synfaring, vil derimot kunne gje Alf Eikevik muligheit til større vegbreidde enn 2 meter, ein slik veg vil unngå å forringe tunet til 99/1 og den vil vere vesentleg meir hensiktsmessig for 99/4 i samband med etableringa av nytt tun lenger sør. Eg ventar stadig på svar frå Alf Eikevik om korleis han forstår ein slik trase.

Med vennleg helsing

Elin H. Fanebust